



Bjarte Vatnøy
Hagellia 15
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1657 - 18/26251

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
25.09.2018

Landbrukssak GBNR 162/1 Herland - Svar på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 2018

Søknaden:

Me synar til søknad om beiterydding og gjerding på Gbnr 162/1. Arealet som omfattar beiterydding i søknaden er på 15,5daa og området er no dekt av skog og andre vekstar. Området har tydelig preg av eldre kulturmark og er ein viktig del av beita på garden. I samband med ryddinga skal eit gjerde på ca 600 meter settast opp. Søknaden er handsama i tråd med Lindås kommune sin "Tiltaksstrategi for bruk av SMIL - midlar for perioden 2016 - 2019".

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedtak:

Lindås Kommune v/Landbrukskontoret løyver kr 23250,- til beiterydding av dei 15,5daa som er søkt om. Me løyver og 24 000,- til oppsett av 600meter gjerde.

Løyvinga vert gjeve på fylgjande vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- **Arbeidsfrist er 28.09.2021.**
- Det kan søkjast om utsetting av arbeidsfrist i inntil to år utifrå skriftleg grunngjeving, seinast 1 måned før oppsett frist går ut.
- Gjerdet skal vera permanent med not, toppstreng og bendslestreng.
- Søkjar har forplikta seg i høve til pkt. 7 i søknadsskjema ved underskift si.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:



- Tilskott vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskott når tilsvarande mengd av arbeidet er gjort. Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskapen er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, kopi av eventuelle bilag og foto.
- **Til utbetaling vil kontonr: 1208.75.47734 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endringar.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i så fall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om SMIL midlar - gbnr 162/1 Herland

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen

Mottakarar:

Bjarte Vatnøy Hagellia 15 5914 ISDALSTØ

